


Matias Døsen Pontoppidan ved ein av dei karakteristiske stolpane. (Foto: Os Orienteringsklubb)

## Laurdag har nystarta Os Orienteringsklubb offisiell opning av nytt turtilbod i Os sentrum; stolpejakt.

---

Av: Kjetil Vasby Bruarøy Fredag, april 17, 2015 - 19:30

I desember blei Os Orienteringsklubb starta, i morgon har klubben opning av eit meir urbant tilbod enn kva mange kanskje forbinder med O-løp.

– Vi held på frå klokka 11 til 13, med ulike aktivitetar frå basen på Kyrkjeflaten, og det er gratis å vera med, forte, Marie Pontoppidan.

Du har kanskje sett ein eller fleire nye oransje stolpar på Os ? Det er del av Os Orienteringsklubb sitt nyaste påfunn. Med kart er du klar til å utforska, i morgon eller når det passar deg.

– Tur-orientering er kanskje kjent for enkelte. Os Orienteringsklubb har i år sett 30 stolpar ut i Os og inviterer alle til å delta.

Lørdag klokka 11 er det offisiell opning, etter opninga blir det ulike aktivitetar for små og store, frå stolpejakt til presisjonsorientering og brikkeløp.

Legg til en kommentar ...

Kommenter

Sosial tilleggsfunksjon for Facebook


SPREKERE
HVEM KOMMER LENGST?
+ MELD DEG PÅ